

VEDTEKTER FOR FAU OG SU I LANGHAUGANE BARNEHAGE:

§ 1. FORELDRERÅDET:

Alle foreldre som har barn i Langhaugane barnehage, er automatisk medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhold mellom heim og barnehage og leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hos barna.

Foreldrerådet har møte 1 gong for året på hausten, eller når FUA finn det naudsynt.

§ 2 FORELDRERÅDETS ARBEIDSUTVAL (FAU) og SAMARBEIDSUTVALET (SU)

Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) er eit arbeidsutval som foreldre har valt, og det utøvande organet for foreldrerådet. FAU er bindeledd mellom foreldra og barnehagen. FAU skal sikre reel medverknad for foreldra og ha medansvar for at barna har eit trygt og godt lærings- og utviklingsmiljø.

Samarbeidsutvalet er eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. SU skal få inn saker som er viktige for innhaldet i verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldra. SU skal fastsetje årsplan til barnehagen, andre viktige saker som forslag til budsjett eller driftsendringa skal leggjast fram for SU.

I Langhaugane barnehage er representantane i FAU og SU dei same personane. Saker vil vere avgjerande for når det er behov for FAU møte, som er møte for representantane utan tilsette til stades.

§ 3 VAL OG KONSTITUERING:

Val av medlemmer til SU og FAU skjer på foreldremøte på hausten kvart barnehage år. Faste medlemar blir valt for 2 år i gongen og vara skal veljast for 1 år i gongen. Til FAU/SU skal det veljast to faste medlemmar: Leiar, sekretær og 1. vara representant som kan kallast inn til FAU møte.

FAU/SU konstituera seg i første møte.

§ 4 MØTER

FAU/ SU har møte minimum 2 gongar for året, eller når 1 medlemmar krev det.

§ 5 OPPGÅVER

Jobbe for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage

§ 6 TEIEPLIKT

Forvaltningslova § 13 til 13 f om teieplikt gjeld for foreldrekontaktar og medlemmer av rådsorgana til barnehagen (Barnehageloven § 20)

§ 7 ØKONOMI

FAU har disposisjonsrett over midlar som kjem inn på arrangement i regi av foreldrerådet/FAU. FAU kan berre gje løyvingar til formål som kjem barnehagebarn direkte til gode.

§ 8 KOMITEAR:

Det er høve til å velje underkomitear for FAU som arbeidar med nærmare definerte oppgåver eller prosjekt td. dugnad, temakveldar og sommaravslutning

§ 9 ENDRINGAR I VEDTEKTENE

Ein skal gå gjennom vedtektene ein gong for året i foreldrerådet. Det skal vurderast om det er behov for endringar, om ikkje skal dei godkjennast slik dei ligg føre. Forslag til endringar i vedtektene må sendast skriftlig til FAU før foreldrerådsmøte.

